



NVE

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 24.07.2025

Vår ref.: 202512942-5 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

NVE gir løyve til midlertidig senking under LRV av Vasstølvatn i Suldalsvassdraget i Suldal kommune, Rogaland fylke

Vi viser til søknad av 10.06.2025 om løyve til midlertidig senking under lågaste regulerte vasstand (LRV) av Vasstølvatn. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Hydro Energi AS kan senke vasstanden i Vasstølvatn til inntil 5 m under LRV i perioden 01.08.2025 – 01.10.2025.

Vedtaket er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfyljing til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.4 i NVEs retningslinjer av 12.02.2024 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Vi ber om at Hydro kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- NVE føreset at Hydro har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Om søknaden

Vasstølvatn er eit reguleringsmagasin i Suldalsvassdraget i Suldal kommune. Vatnet blir overført til Røldal kraftverk. I manøvreringsreglementet, gitt ved kgl.res. av 03.05.1974, er LRV sett til kote 732,5.

Hydro Energi AS (heretter Hydro) har den siste tida gjennomført oppgraderingar ved mellom anna dam Vasstølvatn for å oppfylle NVE sine krav til damtryggleik. Som ein del av dette prosjektet planlegg Hydro å skifte inntaksluka i Vasstølvatn, som ligg i den nordlege delen av fyllingsdammen. Inntaket, som overfører vatn til tunnelsystemet til Røldal kraftverk, ligg ved kote 730,2. Botnstokken i lukehuset ligg ved kote 730,0. Under arbeidet skal det etablerast eit plankestengsel i inntaket for å hindre at vatn kjem inn i tunnelsystemet. For å redusere vasstrykket mot dette plankestengselet, og for å sikre trygge arbeidsforhold, meiner Hydro det er naudsynt å senke vasstanden i magasinet med inntil 5 m under LRV, ned til kote 728,0. Senkinga er planlagt i perioden 01.08.2025 – 01.10.2025.

NVE har tidlegare gjeve løyve til midlertidig senking av Vasstølvatn med inntil 5 m under LRV i våre vedtak av 22.04.2024 og 18.12.2024.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Statsforvaltaren i Rogaland uttalar i e-post av 04.07.2025:

Vi viser til tidlegare uttaler knytt til senking av vasstanden i Vastølvatnet. Nedsenkinga av Vasstølvatnet må som tidlegare påpeika skje gradvis for å unngå stranding av fisk.

Statsforvaltaren har elles ingen merknadar til tiltaket.

Rogaland fylkeskommune uttalar i brev av 26.06.2025:

Det er ved flere anledninger gjennomført regulering under LRV i samme magasin i forbindelse med vedlikehold, hvor de to siste innspillene fra fylkesdirektøren i saken er datert 02.04.2024 og 21.11.24.

Fylkesdirektøren tilrår at det legges opp til at vannstanden skal senkes sakte under LRV som et avbøtende tiltak. Vi anbefaler at dette tas inn som et vilkår i en tillatelse, og at det også må iverksettes en overvåkning under nedsenkningen av vannstanden for å påse at senkningen skjer sakte nok til at det ikke skjer stranding av fisk.

Ut over dette har vi ingen merknad til søknaden.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

I samband med oppgraderingane av dam Vasstølvatn har NVE tidlegare gjeve løyve til å senke Vasstølvatn til inntil 5 m under LRV i periodane 01.07.2024 – 01.10.2024 og 01.01.2025 – 01.05.2025. Desse løyva blei gjevne i våre vedtak av 22.04.2024 (dok. 202401512-10) og 18.12.2024 (dok. 202416334-6). I søknaden til førstnemnde midlertidige fråvik skildra Hydro at moglege konsekvensar for fisk var auka konkurranse om matressursar i magasinet, og dermed redusert kondisjon. Under nedtappinga blei vassnivået følgt opp, og det blei ikkje observert stranding av fisk. I sistnemnde sak og i den nye søknaden vurderer Hydro dei negative konsekvensane for fisk og anna akvatisk liv som minimale.

Slik som i høyringsrundane i dei tidlegare sakene, rår Rogaland fylkeskommune til at det blir sett vilkår om gradvise vasstandsendingar, samt ei overvaking ved senkinga under LRV for å unngå stranding av fisk. Statsforvaltaren i Rogaland rår også til gradvise vasstandsendingar. Fiskebestanden i Vasstølvatn får eit mindre vassdekt areal som fylgje av ei senking under LRV. NVE meiner denne ulempa, og konsekvensane det kan medføre, kan akseptast ettersom tiltaket er naudsynt vedlikehaldsarbeid. Samstundes er NVE einig med høyringspartane om at avbøtande tiltak som skildra er naudsynte for å unngå ytterlegare negative konsekvensar for fisk, som stranding.

Vasstølvatn ligg innanfor Setesdal-Rylfylke villreinområde, men magasinet ligg ikkje innanfor særskilt sensitive område for villreinen, som kalvingsområde eller trekkområde. NVE kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til negative konsekvensar for villrein.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og av relativt kort varigheit. Det vert òg rekna som naudsynt vedlikehald for å sikre framtidig drift av inntaket. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved å ta slike omsyn kan ikkje NVE sjå at midlertidig senking av Vasstølvatn på inntil 5 m under LRV er til skade for nokon kjende allmenne interesser.

NVE sin oppsummering og konklusjon

Ei senking av Vasstølvatn på inntil 5 m under LRV vil gje eit mindre vassdekt areal, noko som kan ha negative konsekvensar for fiskebestanden i magasinet. NVE meiner konsekvensane kan reduserast gjennom avbøtande tiltak i form av ei gradvis nedtapping. Basert på søknaden og høyringsfråsegnene, samt erfaring frå tidlegare midlertidige nedtappingar, kan ikkje NVE sjå at tiltaket som er søkt om vil vera til varig skade for nokon kjende ålmenne interesser eller dei økologiske forholda i vassdraget.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at Hydro Energi kan senke vasstanden i Vasstølvatn til inntil 5 m under LRV i perioden 01.08.2025 – 01.10.2025.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Ylva Bencze Rørå

fagleder

Marianne Angård

førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakerliste:

HYDRO ENERGI AS

Kopimottakerliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

HYDRO ENERGI AS - Johnny Bruheim

Suldal kommune

Setesdal-Ryfylke Villreinområde

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.